

Haugesunds Avis Nyheter

Stian i fint driv mot land. Tvinningbrøren, Magne Vikra sit i følgebåten.

[Forrige bilde](#)[Neste I](#)

Over Boknafjorden på under 2,5 time

Stian Vikra sumde i føremiddag over Boknafjorden. Sjå bilder.Publisert fredag 03. juli 2009 kl. 00:00.
Sist oppdatert fredag 03. juli 2009 kl. 16:38.**BOKN:** I 09.30-tida starta Vikra frå Bokn-sida. To timer og 25 minutt seinare var han framme i Mortavika.

- Eg sa at eg rekna med å bruka tre-fem timer, men eg håpa eg skulle greia det på under tre timer. Eg må seiha meg fornøgd med to timer og 25 minutt. Eg var heldig med det meste, og litt flaks må me ha, seier Stian Vikra på telefon i 12.30-tida.

LES OGSA: [KLAR FOR Å SYMJE BOKNAFJORDEN](#)

- Det føltes greitt. I byrjinga tok eg det litt roleg, fordi eg var redd for å få syre. Eg var heldig med temperaturen, seier Vikra, som målte temperaturen til 16,5 grader i vika han starta frå.

Neste blir Utsira-Karmøy

Under heile symjeturen hadde han folk frå Raude krossen like ved i ein gummibåt, og fleire frå Raude krossen var i ein større båt som holdt litt meir avstand.

- Eg er takknemleg for at dei tok seg tid til dette midt under Skudefestivalen. Utan Raude krossen hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføra dette, seier Stian Vikra.

Han ser føre seg at den neste turen blir verre. Karmøybuen hadde bestemt seg for at om denne turen gjekk greitt, skal neste symjetur gå frå Utsira til Åkrehamn.

- Eg skal reisa ut på jobb nå, men kjem heim igjen 3. august. Eg håpar å få gjennomført den turen då, men det kjem an på forholda, seier Vikra.

Les Haugesunds Avis [som ePaper](#) eller [bestill papirutgaven](#).